

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
112/16	Formannskapet	PS	19.10.2016
105/16	Kommunestyret	PS	27.10.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FA - Q89	15/948

Endeleg godkjenning - Kommunedelplan for trafikkisikring 2016 - 2023

Vedlegg

TSP med vedlegg

Høyringsinnspel til kommunedelplan for trafikkisikring 2016 - 2023

Høyringsinnspel til kommunedelplan for trafikkisikring 2016 - 2023

Høyringsinnspel til kommunedelplan for trafikkisikring 2016 - 2023

Høyringsuttale - Kommuneplan trafikkisikring 2016/2023

Framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for trafikkisikring 2016 – 2023, med tilhørende vedlegg, vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

- Talet på skadde i samandraget, 2. avsnitt, 2. punktum, vert retta frå 26 til 33.
- Der det er brukt ordet «*riksvegar*» i planen vert dette retta til *fylkesveg*.
- I punkt. 2.7, 5. avsnitt vert «*2015 – 2022*» retta til *2016 – 2023*.
- I punkt 1.3, 5. avsnitt, 1. punktum vert «*veglova § 40*» retta til *vegtrafikklova § 40a*.
- I punkt 2.5, 1. avsnitt, vert dei fire kulepunktta retta til:
 - *Trafikkisikringsarbeid i kommunane*
 - *Møteulykker utanfor tettbygde strom*
 - *Mjuka trafikantar i by område*
- I punkt 2.5, siste avsnitt, vert tilskotsordningane retta til følgjande:
 - *Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikkisikringsplanar*
 - *Tilskot til mindre fysiske trafikkisikringstiltak*
 - *Tilskot til lokale trafikkisikringsarrangement*
- I punkt 1.3, vert avsnittet om Trygg Trafikk endra til følgjande:
 - «*Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikkisikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikkisikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikkisikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og*

utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og danningsinstitusjonane.»

- I punkt 2.1 vert følgjande tekst lagt til på slutten av første avsnitt:
- «I 2024 er tilstandsmålet 500 hardt skadde og drepte.»
- I punkt 2.5.1, 1. avsnitt, 2. punktum, samt i overskrifta punkt 2.5.1, vert ordet «sertifisert» endra til godkjent.

Formannskapet - 112/16 - 19.10.2016

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

- Talet på skadde i samandraget, 2. avsnitt, 2. punktum, vert retta frå 26 til 33.
- Der det er brukt ordet «*riksvegar*» i planen vert dette retta til *fylkesveg*.
- I punkt. 2.7, 5. avsnitt vert «2015 – 2022» retta til 2016 – 2023.
- I punkt 1.3, 5. avsnitt, 1. punktum vert «*veglova § 40*» retta til *vegtrafikklova § 40a*.
- I punkt 2.5, 1. avsnitt, vert dei fire kulepunkta retta til:
 - *Trafikksikringsarbeid i kommunane*
 - *Møteulykker utanfor tettbygde strom*
 - *Mjuka trafikantar i by område*
- I punkt 2.5, siste avsnitt, vert tilskotsordningane retta til følgjande:
 - *Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar*
 - *Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak*
 - *Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*
- I punkt 1.3, vert avsnittet om Trygg Trafikk endra til følgjande:
- «*Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikksikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikksikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og danningsinstitusjonane.»*
- I punkt 2.1 vert følgjande tekst lagt til på slutten av første avsnitt:
- «I 2024 er tilstandsmålet 500 hardt skadde og drepte.»
- I punkt 2.5.1, 1. avsnitt, 2. punktum, samt i overskrifta punkt 2.5.1, vert ordet «sertifisert» endra til godkjent.

Kommunestyret - 105/16 - 27.10.2016

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023, med tilhøyrande vedlegg, vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

- Talet på skadde i samandraget, 2. avsnitt, 2. punktum, vert retta frå 26 til 33.
- Der det er brukt ordet «riksvegar» i planen vert dette retta til fylkesveg.
- I punkt. 2.7, 5. avsnitt vert «2015 – 2022» retta til 2016 – 2023.
- I punkt 1.3, 5. avsnitt, 1. punktum vert «veglova § 40» retta til vegtrafikklova § 40a.
- I punkt 2.5, 1. avsnitt, vert dei fire kulepunkta retta til:
 - Trafikksikringsarbeid i kommunane
 - Møteulykker utanfor tettbygde strok
 - Mjuka trafikantar i by område
- I punkt 2.5, siste avsnitt, vert tilskotsordningane retta til følgjande:
 - Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
 - Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak
 - Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement
- I punkt 1.3, vert avsnittet om Trygg Trafikk endra til følgjande:
- «Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikksikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikksikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og danningseinstitusjonane.»
- I punkt 2.1 vert følgjande tekst lagt til på slutten av første avsnitt:
- «I 2024 er tilstandsmålet 500 hardt skadde og drepte.»
- I punkt 2.5.1, 1. avsnitt, 2. punktum, samt i overskrifta punkt 2.5.1, vert ordet «sertifisert» endra til godkjent.

Saksopplysninger:

Trafikksikringsplanen som no vert lagt fram for endeleg godkjenning er ein revisjon av gjeldande trafikksikringsplan frå 2009. Planen er utarbeid av Norconsult. Vidare har det i kommunen vert ei intern arbeidsgruppe som består av Per Lerøy, Torleiv Frotjold, Hilde Tråer Hardang og Thomas Lindås.

Det har under arbeidet med revisjon av planen blitt lagt vekt på samordning med overordna planar, særleg Hordaland fylkes trafikkttryggleiksplan har vorte betydeleg vektlagt. Dette sikrar samheng mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Austrheim kommune sitt arbeid med å verte godkjent som

Trafikksikker Kommune har og våre ein viktig del av arbeidet med revisjon av trafikksikringsplanen og knyt såleis trafikksikringsplanen saman med dette arbeidet.

Under arbeidet med revisjon av trafikksikringsplanen har det blitt gjort analyse av trafikkulykker i kommunen frå 01.01.2009 – 31.12.2015. Vidare har ein og kartlagt utryggleik blant skuleelevar, organisasjonar og innbyggjarar i kommunen. Det kom totalt 75 innspel frå elevar og 11 innspel frå organisasjonar og innbyggjarar. Kvart enkelt av innspela er vurdert konkret og vekta. Dette har resultert i prioritert liste over fysiske tiltak samt oversikt over haldningsskapande arbeid. Arbeidet med Trafikksikker Kommune er ein viktig del av det haldningsskapande arbeidet i kommunen.

Planen har våre på offentleg ettersyn og høyring og det er kome inn høyringsinnspel frå Trygg Trafikk, Statens Vegvesen, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune.

Innspel frå Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland har ingen merknader til planen og meiner planen er godt utgreidd, med oversikteleg og god planskildring. Fylkesmannen meiner planen er eit riktig og godt tiltak.

Rådmannen si vurdering av høyringsinnspelet:

Innspelet vert tatt til vitande.

Innspel frå Statens Vegvesen

Statens Vegvesen meiner kommunen har hatt ein god prosess med utarbeiding av planen. Statens Vegvesen peiker og på at det er positivt at nasjonale og fylkeskommunale føringar samt analyse ligg til grunn for prioriteringar i planen.

Statens Vegvesen har følgjande merknader til planen:

Utforkjøringsulykker er saman med møteulykker dei klart dominerande ulykkestypene i Austrheim kommune. I planen er det foreslått at tiltak mot desse ulykkestypene vil vera haldningsskapande tiltak som opplæring og informasjon. Vi er enige i at dette er svært viktige tiltak, men etter vårt syn bør tiltak mot desse ulykkestypene også visast igjen i prioriteringane over fysiske tiltak.

Nokre mindre kommentarar til slutt :

- Det er ikkje samsvar mellom talet på skadde i Samandraget og i punkt 4.2.2.
- Fleire stadar i planen er riksvegar omtalt. Det er ikkje riksvegar i Austrheim.
- Planperioden er omtalt som 2015–2022 i punkt 2.7, mot 2016–2023 elles.

Rådmannen si vurdering av høyringsinnspelet:

Når det gjeld fysiske tiltak mot møte- og utforkjøringsulykker har dette blitt grundig vurdert. Rådmannen har vurdert fysiske tiltak som vanskelig å gjennomføre i planperioden og har difor valt å ikkje ta dette med i prioriteringa over fysiske tiltak. Rådmannen vil likevett ta med seg innspelet ved seinare rullering av trafikksikringsplanen.

Når det gjeld merknad om samsvar mellom skadde i samandraget og i punkt 4.2.2, merknad om riksvegar, samt manglande samsvar mellom punkt. 2.7 og resten av planen vedrørande planperioden, er dette rettingar som rådmannen vil ta inn i planen.

Innspelet frå Hordaland Fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune peiker på at planen legg eit godt grunnlag for dei neste åra. Dei fysiske tiltaka meiner dei er godt handsama.

Hordaland Fylkeskommune har følgjande merknader til planen:

Det vert vist til at det er ein feil i pkt. 1.3, 5. avsnitt, 1. punktum. Dette då det ikkje er veglova § 40 som regulerer fylkeskommunen sitt ansvar, men vegtrafikkloven § 40a. Det vert og vist til at punktet kunne vert meir utfyllande vedrørande fylkeskommunen sitt ansvar.

Vidare vert det peika på at det i punkt 2.5 er lista opp dei viktigaste tiltaka i Hordaland Fylkeskommune sin handlingsplan for trafikksikring 2014-2017. Hordaland Fylkeskommune meiner opplistinga er feil og ber om at denne vert retta til følgjande:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuge trafikantar i byområde

I punkt 2.5, siste avsnitt, er det og lista opp ei rekke tilskotsordningar, Hordaland Fylkeskommune ber og om at desse vert retta til følgjande:

- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
- Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak
- Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement

Når det gjeld det haldningsskapande arbeidet meiner Hordaland Fylkeskommune at dette kunne vere meir konkretisert i punkt 5.4.1. Då særleg opp mot Trafikksikker Kommune og den godkjenninga kommunen har.

Til sist vert det bede om at tiltak langs veg med busstrafikk bør skje i dialog med Skyss, både når det gjeld haldeplassar, fartsreducerande tiltak, samt andre trafiktryggingstiltak.

Rådmannen si vurdering av høyringsinnspølet:

Når det gjeld feil i punkt 1.3 og 2.5 vert desse retta i tråd med ønske frå Hordaland Fylkeskommune.

Når det gjeld det haldningsskapande arbeidet meiner Hordaland Fylkeskommune det kan vere tenleg å vise i planen kven som er ansvarleg for det haldningsskapande arbeidet i organisasjonen. Dette er vurdert og det vart valt ei løysing der Trygg Trafikk sin veiledar for Trafikksikker Kommune vart lagt ved som vedlegg til planen. Dette då veiledaren gjer greie for kva ansvar dei ulike nivå og einingar i kommunen har og såleis dekkjer dette på ein god måte.

Når det gjeld tiltak langs veg med busstrafikk vert dette tatt til vitande.

Innspel frå Trygg Trafikk

Trygg Trafikk roser Austrheim Kommune for å ha vilje og evne til å sette trafikksikring på dagsorden. Dei peikar på at det er bra arbeid som er gjort med prioritering av fysiske tiltak i planen.

Trygg Trafikk har følgjande merknader til planen:

Når det gjeld punkt 1.3 vert det kommentert at avsnittet som gjeld Trygg Trafikk vert retta slik at det er i tråd med dei nye arbeidsmåtene for organisasjonen. Deira forslag til nytt avsnitt er:

«Trygg Trafikk jobbar for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper, og skal fungere som eit bindeledd mellom sivilsamfunn og frivillig sektor på eine sida, og offentlege mynde og sentrale avgjersletakarar. Organisasjonen har distriktskontor i alle fylka og hovudkontor i Oslo. Trygg Trafikk regionalt jobbar særleg med konseptet «Trafikksikker kommune», som handlar om korleis kommunane kan få eit meir systematisk trafikksikringsarbeid. I tillegg er organisasjonen eit kompetansesenter for born og unge, og utviklar materiell for dei ulike oppvekstnivåa og danningstinstitusjonane.»

Vidare peiker dei og på at det under punkt 1.3 er feil lov lista opp i avsnittet vedrørande Hordaland Fylkeskommune. Dette er same punkt som Hordaland Fylkeskommune kommenterte i sin uttale.

Trygg Trafikk meiner og det kan vere tenleg og nemne tilstandsmålet for drepne og hardt skadde i 2024 under punkt 2.1.

Det vert og peikt på at «sertifisering» er nytta i punkt 2.5.1 når det gjeld godkjenning som Trafikksikker kommune, og at dette bør rettast til godkjenning.

Til sist peiker Trygg Trafikk på at punkt 5.4 med underpunkt 5.4.1 og 5.4.2 bør omstrukturert. Trygg Trafikk meiner at det haldningsskapande arbeidet bør få større plass i planen og at ansvaret i organisasjonen bør kome klarare fram.

Rådmannen si vurdering av høyringsinnspølet:

Når det gjeld punkt 1.3 vert dette retta slik Trygg Trafikk føreslår.

Når det gjeld tilstandsmålet for drepne og hardt skadde er rådmannen einig med Trygg Trafikk om at dette bør kome med under punkt 2.1.

Rådmannen er og einig med at ordet «sertifisert» vert endra til godkjent i punkt 2.5.1

Når det gjeld omstrukturering av punkt 5.4 med underpunkt meiner rådmannen at vedlegget til planen som viser kriteria for Trafikksikker Kommune viser ansvaret dei ulike nivå og einingar har. Rådmannen meiner likevel det er viktig å ta med innspøla i ei seinare rullering av trafikksikringsplanen.

Det er ikkje kome fleire innspel til planen. Det er rådmannen si vurdering at planen slik den ligg føre, med dei endringar som er vist i framlegg til vedtak, vil gje ein god og framtidsretta trafikksikringsplan som vil bli eit viktig verkty i trafikksikringsarbeidet i Austrheim Kommune.